

Manglar må ordnast på Dønhaug

24.06.2011

**Det har vore synfaring på Dønhaug med representantar for kommunen og Prosjekt Konsult og Magne Huglen har etterpå fått presentert ei liste med manglar som må utbetrast.
Dønhaugkjedlaren hadde ikkje nokon avvik frå branndokumentasjonen, men det hadde låven.
Dette er protokollen;**

* Dør til naudutgang og trapp i andre høgda skal ha panikkbeslag, men her er montert 2 bolteskåter. Under arrangement skal dei stå i open stilling og vera låst i open stilling med krampar.

* Kablar i vegg ved dør/låvebru må kontrollerast og eventuelt branntettast av kvalifisert firma og dokumentasjon sendast kommunen.

* Vegg i forrom har no 2 skyvedørar. Denne veggjen skal vera brannvegg og då er ikkje skyvedøra godkjend.
Skyvedørar må skiftast ut med ei tofløya dør. Når det er gjort sendast dokumentasjon til kommunen.

* Brannhandsaming av ståldrager er utførd med brannhemmande måling før drager vart montert.
Produktblad/dokumentasjon på brukte produkt sendast kommunen.

* Det må dokumenterast at brannalarm er i kategori 2 og blir sendt kommunen.